



INNKALLING TIL STYREMØTE

Stad:	Rådhuset i Sund
Dato:	28.11.2016
Tid:	09.00-11.00

24/16	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	
25/16	Referatsakar Høyring- Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion	
26/16	Skjønsmidlar 2016 Gjennomgang av prosjekta som fekk tildelt skjønsmidlar i 2016. Janne Mo, Bård Tyldum og Jan Gaute Haug kjem og gjev i oversikt på status i desse prosjekta.	
27/16	Felles Ansvar Vart forankra i Regionrådet for fleire år sida. Alle kommunane er med i dette. Leiar Åsta Årøen kjem og orienterar om status og tankar om vegen vidare.	
28/16	Brannsamarbeid i Bergensregionen Det er ei samling den 22.november der alle kommunane er invitert til å delta. Ordførar Kari-Anne Landro sit i styringsgruppa for dette samarbeidet, og vil sei noko om konsekvensar/betyding dette samarbeidet har for dei 3 kommunane i Region Vest.	
29/16	Bruk av Regionrådet i framtida Korleis skal Regionrådet brukast i åra som kjem? Regionrådsleiar tek ein gjennomgang av korleis Regionrådet har vore brukt og korleis Regionrådet vert brukt også utanfor kommunane	
30/16	Oppfølging etter avvikling av BRB Det er gjort ulike vedtak i Regionen. Fylket har no eit opplegg for vidareføring av tenestene.	
31/16	Ymse <u>Møteplan i Regionrådet.</u> Forslag til ny møteplan 2017. Forslag at Regionrådsmøta vert satt til den siste måndagen i dei månaden det er møte. <u>Nærpolitireforma</u> Høyringsfrist 1.desember. Er det noko Regionrådet skal sende inn samla? Har nokon gjort noko med denne høyringa?	



Referat frå styremøte

Stad:	Rådhuset i Øygarden
Dato:	19.09.2016
Tid:	11.30-13.30
Desse møtte:	Børge Haugetun (møteleiar), Marianne Bjørøy, Kari- Anne Landro, Siri Fahlvik Pettersen. Informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke og Gerhard Inge Storebø (møtesekretær).
Forfall:	Steinar Nesse, Rune Lid,
Andre:	Tom Georg Indrevik og Sverre Konrad Nilsen frå Gode Sirklar AS (t.o.m. sak 21/16). Svein Fjelland, Åse Vik og Janne Mo (sak 22/16)

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
18/16	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Innkalling og referat vart godkjent.
19/16	Referatsakar	<p>Fylkesmannen si årlege samling for kommunane og statsetatane er på Solstrand 3. og 4. november.</p> <p>Marianne Bjørøy orienterte om arbeidet med Nærpolitireforma. Ho hadde med framlegg til felles innspel i ein tidleg planfase. Dette innspelet frå Regionrådet Vest vart undertekna av dei 3 ordførarane.</p> <p>Endra vedtekter for Regionrådet Vest er til handsaming i kommunane.</p> <p>Regionrådet drøfta deltaking i seminarrekke som Kommunaldepartementet med fleire inviterer til (brev frå kommunaldepartementet datert 6.9.2016). I utgangspunktet meiner regionrådet at ordførarane og rådmenna bør stilla. I tillegg vil regionrådet invitara med seg 3 hovudtillitsvalde – ein frå kvar kommune. Rådmannen i Øygarden får i oppdrag å avklara endeleg deltaking – og syta for felles påmelding.</p> <p>Konklusjon: Referatsakene vert tekne til orientering.</p>
20/16	Gode Sirklar AS «Korleis skape eigarskap og oppfølging av dei gode	Dagleg leiar Sverre Konrad Nilsen innleia om behovet for å styrka kommunane sitt eigarskap til dei prosjekta som vert

	<p>prosjekta som vert gjennomført i regi av Gode Sirklar, både administrativt og politisk»</p>	<p>gjennomført av Gode Sirklar AS. Handlingsplanen til selskapet legg vekt på at innsatsen skal fylgja tydeleg prioritering og vera spissa. Han orienterte om dei prioriterte områda – og om selskapet sine økonomiske rammer.</p> <p>Styreleiar Tom Georg Indrevik meinte at det er behov for betre politisk forankring av Gode Sirklar AS sin innsats – og at drøfting av eigarane sine ambisjonar for selskapet må få større plass.</p> <p>Regionrådet drøfta Gode Sirklar AS sine utfordringar. Det var framlegg om at drøftinga bør vidareførast i eit eigarmøte – der tidsramma gjev høve til ein meir grundig diskusjon. SINTEF må og vera representert på eit slikt møte.</p> <p>Styreleiar lova å ta opp spørsmålet om eigarmøte på styremøte i Sund 28.9. d.å.</p> <p>Konklusjon: Drøftinga vert vidareført i eigarmøte i selskapet.</p>
21/16	<p>Kystsonenplan «Korleis sjå kystsonenplan i lys av arbeidet med strandsoneplan og næringsareal»</p>	<p>Prosjektleder Gerhard Inge Storebø orienterte om status for arbeidet med Interkommunal Næringsarealplan.</p> <p>Planprogrammet vart vedteke i alle dei 4 kommunane seinhaustes 2015. Arbeidet med sjølve planen er starta, men har vore avventande i ein periode med stort fokus på kommunereforma. Askøy formannskap ynskjer å avklara det vidare samarbeidet med utgangspunkt i resultatet av planlagt kommunesamanslåing mellom Øygarden, Sund og Fjell – og avviklinga av BRB.</p> <p>I planprogrammet er det teke høgde for at marin næring vert drøfta og at næringsareal som grensar til sjø vert konsekvensutgreidd. Planprogrammet gjev ikkje ramme for at næringsarealplanen skal omfatta detaljert arealbruksplan for sjøområda slik målet med «Kystsonenplan» vil vera.</p> <p>Røynsler frå prosessen med fylkeskommunen sin «Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytra Hardanger» (som enno ikkje er vedteken) må vurderast dersom Region Vest skal setja i gang arbeid med eigen kystsonenplan. Nye former for havbruk (lukka oppdrettsanlegg, tare dyrking, andre artar) bør gjerne utgreiast nærare med omsyn til arealbehov, før arbeidet med ein eigen arealplan vert sett i gang.</p> <p>Konklusjon: Interkommunal næringsarealplan vert prioritert. Det er eit mål å halda Askøy inne i dette plansamarbeidet. Eigen kystsonenplan vert vurdert ved rullering av kommunane sine planstrategiar.</p>
22/16	<p>Skjønsmidlar – gjennomgang av dei prosjekta som fekk tildelt midlar i 2015</p>	<p>Svein Fjelland orienterte om «Jordmor/heim». Prosjektet er i ein slutfase (ut 2016). Det skal lagast ei evaluering som vil vera ein del av grunnlaget for vurdering av vidareføring av samarbeidet med Helse Bergen. Det er mange positive tilbakemeldingar frå brukarane.</p> <p>Svein Fjelland orienterte og om «Intermediær avdeling». For</p>

		<p>dette prosjektet er snart sluttrapporten klar. Det vil verta vurdert særskilt kvifor ein har lukkast med dette prosjektet i vår region – sett ut frå at andre tilsvarande prosjekt ikkje har vore like vellukka. Breitt eigarskap, tydlege mål og god involvering (hospiteringsordning) er så langt peika på som grunnlag for eit godt resultat.</p> <p>Åse Vik orienterte om «Interkommunalt rehabiliteringsprosjekt». Det vil verta utarbeidd prosjektrapport i 2016. Det vil verta drøfta korleis prosjektet kan fylgjast opp før «lokalmedisinsk senter» vert ferdigstilt i 2019.</p> <p>Janne Mo orienterte om prosjektet «Sjef i eige liv» - moderne helsefremjande og førebyggjande tilbod til seniorar. «Aktiv +» i Sotra Arena og «Treff +» på Sartor Storsenter er tiltak som har vorte drifta av frivillige organisasjonar. «Aktivitet 365» er tilbod på vanleg treningssenter. Nye tilbod er under utvikling - «Måndag på Gjerdet». Det har vore stor grad av positiv haldning til prosjektarbeidet, men det har og vore krevjande å få til godt samvirke (nettverksarbeid).</p> <p>Konklusjon: Styret er takksam for gode orienteringar om dei aktuelle prosjekta.</p>
23/16	Ymse	<p>Styret ynskjer å få drøfta korleis det samarbeidet mellom dei 3 kommunane skal organiserast vidare. Det må difor kallast inn til nytt møte 28.11. – tidleg på dagen.</p> <p>Konklusjon: Det vert kalla inn til styremøte i Regionråd Vest 28.11. – møtet vert i Sund kommune.</p>



Høyringspartar

Dato: 14.10.2016
Vår ref.: 2015/1434-8
Saksbehandlar: thoare
Dykkar ref.:

Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion - høyring

I samband med at Stortinget i vårsesjonen 2015 handsama St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar», vart det vedteke å invitere fylkeskommunane inn i kommunereforma, med sikte på å fastlegge struktur for eit nytt regionalt folkevald nivå våren 2017.

Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringer på regionalt nivå i løpet av hausten 2016.

Som ei oppfølging av denne invitasjonen er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion.

På fylkestinget, 5.oktober 2016, vart det vedteke å legge denne intensjonsplanen ut på høyring før endeleg vedtak om etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016:

1. «Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.
2. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentleg høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.
3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein ny dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløysingar.
4. Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestlandsfylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.»

Med grunnlag i dette vedtaket vert intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen lagt ut på open høyring. Det vert med utgangspunkt i denne intensjonsplanen bedt om synspunkt på om Hordaland fylkeskommune bør inngå i eit nytt regionalt folkevald nivå saman med fylkeskommunane Rogaland og Sogn og Fjordane.

Intensjonsplanen med tilhørende dokument er lagt ut på www.hordaland.no/regionreform,

Eventuelle spørsmål kan rettast til Thorbjørn Aarethun, tlf.nr 92058252 eller i epost til thorbjorn.aarethun@hfk.no

Høyringsvar kan sendast som epost til hfk@hfk.no, innan høyringsfristen som er sett til 30.november 2016.

Med helsing

Anne Gine Hestetun
fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



MØTEPLAN REGIONRÅDET VEST 2017

MØTE	DATO	STAD
Rådmannsmøte Styremøte	16. jan (1400 -16:00) 30. jan (11:30-13:30)	Fjell Fjell
Rådmannsmøte Styremøte	13. februar (14:00-16:00) 27. februar(11:30 -13:30)	Fjell Øygarden
Rådmannsmøte Styremøte	10. april (14:00–16:00) 24.april (11:30 –13:30)	Fjell Sund
Rådmannsmøte Styremøte	12.juni (14:00- 16:00) 26. juni (11:30-13:30)	Fjell Fjell
Rådmannsmøte Styremøte	11.september (14:00 –16:00) 25. september (11:30 –13:30)	Fjell Øygarden
Rådmannsmøte Styremøte	13.november (14:00 – 16:00) 27.november (11:30 –13:30)	Fjell Sund